
Saksnr: 2021/469-7
Saksbehandlar: Shahnaz Amin Haaq

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Tilskot til mentor- og traineeordning for innvandrar 2021

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 1 020 000 kroner over budsjettpost 402200 fordelt slik:

Nr	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Fretext Pluss As	Styrket til arbeid	350 000
2	Sogn Regionråd	Mentorprogram - Sogn for alle	220 000
3	Bergen Næringsråd	Bergen Opportunity	350 000
4	Transcultural Arts Production	Her og der	100 000
5	Papillion	Diversity in Action - innovativ gruppecoaching for personer med kort botid i Norge	0
6	West Piping As	Integrering/utvikling av kompetanse	0

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

Samandrag

Tilskotsordninga skal medverka til betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarar i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemdar i privat eller offentlig sektor kan nytta tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei blir tilført ny kompetanse og nye erfaringar. Det har komme inn seks søknader. Ikkje alle som har målgrupper som samsvarar med det retningslinene for tilskotsordninga beskriv. Den samla søknadssummen er på 3 274 000 kroner. Disponibel sum til fordeling er 1 020 000 kroner.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektørIngebjørg Erikstad
konst. seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Oversikt over søknader/vurdering/tilråding
- 2 Retningslinjer tilskot til mentor og traineeordning- oppdatert 22.01.2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til mentor- og traineeordninga blei etablert av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) i 2014 og IMDi forvalta tilskotsordninga til og med 2019. Ordninga er overført til fylkeskommunane med verknad frå 01.01.2020.

Ein mentorrelasjon omfattar i hovudsak to personar; mentoren, og den som skal få tilgang til mentoren sine erfaringar og kompetanse, heretter kalla trainee. Mange deltakarar opplever deltaking i slike program som positive og melder om auka nettverk, kunnskap og optimisme.

Tilskotsordninga vil bidra til å oppnå fleire av FN's bærekraftsmål som til dømes mål nr. 1 (utrydda fattigdom), 5 (likestilling mellom kjønna), 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst), 10 (mindre ulikheit), 11 (berekraftige byar og samfunn), 13 (stoppe klimaendringane), 16 (fred og rettferd) og 17 (samarbeid for å nå måla).

Sidan programmet vart igangsett, har mange innvandrarakar fått hjelp til å komma inn på arbeidsmarknaden i samsvar med kvalifikasjonane deira, og dermed vorte økonomisk uavhengig, vorte ein aktiv medlem av det norske samfunnet og som resultat godt integrert i det norske samfunnet, noko som er målet for den nasjonale integreringspolitikken.

Tilskotsramma i 2021 er 1 020 000 kroner og Vestland fylkeskommune har motteke 6 søknadar med ein samla søknadssum på 3 274 000 kroner. Alle søknader var gode når det gjeld integrering, men ikkje alle treff like godt i høve dei samle retningslinene for tilskot. Dei søknadane som er i samsvar med retningslinene for tilskot vert tilrådd ein betydeleg mindre sum enn det dei søkte om på grunn av avgrensa midlar.

Føremål med ordninga:

Målet med tilskotsordninga er betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarakar i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine til å kome i arbeid. I tillegg vert mangfaldet i bedrifta eller offentlege verksemd styrka og tilført ny kompetanse og erfaringar.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021:	kr 10 20 000
Søknadsfrist 2021:	15.02.2021
Vedtaks kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 12.03.2021 PS 7/2021
Kriteria og informasjon om ordninga:	Nettsida og felles e-post til alle kommunar i Vestland og andre aktuelle søkarar
Tal på søknadar:	6
Tal på søknadar tildelt støtte:	4
Tal på søknader avslått	2
Samla søknadssum:	kr. 3 274 000
Samla løyving:	kr. 1 020 000

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Dei aller fleste søknader samsvarer med retningslinjer i høve integrering og har naudsynt kompetanse, relevant samarbeidspartnar og gjennomføringsevne. To av søknadane er ikkje i tråd med målgruppa for tilskotsordninga. Vi har tilrådd midlar til fire av seks søkarar. Ein av dei har fått innvilge søkesummen i sin heilskap og tre av dei har fått tildelt betydeleg mindre enn det dei har søkt om på grunn av avgrensa midlar i budsjettet. Dei to som har fått avslag fell utanfor retningslinjer og eller målgruppa for tilskotsordninga. Fylkesdirektøren meiner at jo fleire aktørar som finn programmet som eit nyttig verktøy for å nå desse to måla, jo betre er det for eit berekraftig Vestland.

Dei søkarane som der tilrådinga er vesentleg lægre enn søknadssum, er informerte om den krevjande budsjettsituasjonen og vil då få oppmoding om å sende inn revidert prosjekt og budsjett.

Sidan oppstart av tilskotsordninga i 2014 har fleire høgt kvalifisert innvandrarakomme inn på arbeidsmarknaden i samsvar med kvalifikasjonane. Dei er no økonomisk uavhengig og godt integrert i det norske samfunnet. Mentor- og traineeprogram blir meir og meir populært blant integreringsaktørar frå både offentleg og privat sektor. Dette er eit viktig program for å hjelpe innvandrarakomme med høgare utdanning og kvalifisering til å komme inn på arbeidsmarknaden og tilføra mangfald og mangfaldsleiing i norsk arbeidsliv. Det bør gjerast meir i framtida for å styrke ordninga og få fleire søknader i heile fylke og da særleg i områda der det er behov for arbeidskraft.

Fylkesdirektøren følger opp søkjarane gjennom året og inviterer til kunnskapsdeling, erfaringsutveksling og nettverksbygging. Dette bidreg positivt til gjennomføringa og resultatoppnåing i dei enkelte prosjekta.

Absolutte kriteria

- Offentlege og private sektorar kan søkje i tillegg til frivillige organisasjonar registrerte i frivillighetsregisteret
- Midlane skal nyttast til tiltaka som er skildra i prosjekttalen.
- Tiltaka må gjennomførast i samsvar med retningslinjer for mentor- og traineeprogram

Vurderingar og verknader

- Vurderinga skjer på grunnlag av og i kva grad tiltaket kan bidra til å nå måla for ordninga, og i kva grad ein kan nå målgruppene for tilskotsordninga.
- Gjennomføringsevne inkludert tidlegare erfaring, resultat, samt samarbeid.
- Søknader frå organisasjonar som sikrar deltaking av kvinnelege kandidatar vert prioritert

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett 2021

Klima:

Tiltaka har ingen negativ innverknad på klima.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Hordaland og regional plan for folkehelse 2015-2025 Sogn og Fjordane. Å bli økonomisk sjølvstendig har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tilskotsordninga er eit bidrag til å nå mål i den regional utviklinga og FNs berekraftsmål gjennom fokus på sosiale og økonomiske utfordringar knytt til

Konklusjon

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at utval for kultur, idrett og inkludering løyver 1 020 000 kroner over budsjettpost 402200 til mentor og traineeprogram for innvandrarakomme 2021 slik det går fram av forslag til vedtak.